

## Høyring – fjernmøte og skriftleg sakshandsaming i kyrkjelege rådsorgan

### Uttale frå Askvoll sokneråd (vedteke 26.11.2020, sak SR 2020/52):

Askvoll sokneråd er, i samsvar med gjeldande regelverk, prinsipielt for at møte skal gå føre seg som fysiske møte, mellom anna for å sikre ryddig sakshandsaming, tryggleik for identitetskontroll og openheit i forvaltninga ålmenta sitt generelle høve til innsyn i saksprosessene.

Likevel er vi for at det unntaksvis skal vere høve til alternativ og forenkla sakshandsaming, og støttar Kyrkerådet i dette, både når det gjeld høvet til skriftleg sakshandsaming og fjernmøte. Særleg kan dette vere fordelaktig og rasjonelt når det er trong for rask avgjerd i ei sak og om ein elles ikkje finn det sakssvarande å setje opp ekstraordinære møte (både av tidsomsyn og omsyn til ressursbruk).

Formkrava til gjennomføring bør vere mindre strenge her enn på kyrkerådsnivå for å sikre fleksible ordningar for gjennomføring, då ressursknappheit ofte er ein vesentleg faktor hos lokale rådsorgan.

Når det gjeld fjernmøte vil vi tilrå ei ytterlegare lemping av kravet til at møtedeltakarane skal kunne sjå og høyre kvarandre når det gjeld gjennomføring av møte på sokne- og fellesrådsnivå enn det som ligg i forslaget frå Kyrkerådet, då det erfaringsmessig krev ekstra tekniske løysingar for at møtedeltakarane skal kunne sjå kvarandre. Erfaringsmessig her lokalt fungerer også løysing med telefonmøte.

For å sikre ytterlegare fleksibilitet for gjennomføring av fjernmøte, ønskjer vi vidare fullmakter til rådsleiar enn kva Kyrkerådet legg opp til, men då samtidig gje høve til at eit tilstrekkeleg mindretal i rådet kan motsetje seg/stanse handsaming ved fjernmøte.

I forslaget frå Kyrkerådet til **Forslag til regler om krav til gjennomføring av fjernmøter i menighetsråd og kirkelig fellesråd** ønskjer vi følgjande justeringar (ny tekst i feit skrift og utgåande tekst med gjennomstreking):

#### § 1. Beslutning om fjernmøte

**Leder** i menighetsrådet/kirkelig fellesråd kan ~~vedta~~ **beslutte** at et ordinært rådsmøte skal avholdes som fjernmøte **med mindre minst 1/3 av medlemmene motsetter seg dette**. ~~Vedtaket om fjernmøte kan omfatte ett eller flere slike møter.~~ Avgjørelse om hastefjernmøte besluttes av lederen av rådet.

#### § 2. Krav til fjernmøter

Ved fjernmøte skal **rådsleder sikre at** alle møtedeltakerne kunne se, høre og kommunisere med hverandre **på en betryggende måte**. ~~I særlige tilfeller kan rådet fravike kravet om at alle møtedeltakerne skal kunne se hverandre. Det skal legges til rette for avstemninger gjennom elektronisk løsning som ivaretar hensynene bak skriftlige avstemninger.~~ **og at avstemninger kan skje på betryggende måte.** Menighetsrådet/kirkelig fellesråd ~~fastsetter~~ **kan fastsette** hvordan et fjernmøte skal gjennomføres.

#### § 5 Utgår

---

I forslaget til endra § 2 nr. 2 og 3 i *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* ønskjer vi følgjande justeringar:

§ 2 nr. 2 skal lyde: Menighetsrådet/kirkelig fellesråd kan selv beslutte at møte skal holdes som fjernmøte. Fjernmøte innebærer at en eller flere av deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter. Kirkerådet gir nærmere regler om krav til gjennomføring av fjernmøter, herunder der møtet etter § 3 skal lukkes. Disse reglene kan også inneholde unntak fra kravene i annet punktum.

Askvoll sokneråd har ingen merknader til endringsforslaga som gjeld Kyrkjerådet si møteverksemd.

Askvoll 27.11.2020

Rune Ziener  
kyrkjeverje